

Helsing frå preses Olav Fykse Tveit til Ole Kristian Bonden, utnemnd av Kyrkjerådet til biskop i Hamar

*NB: Sjekkes mot framføring*

På vegne av Bispemøtet gratulerer eg Ole Kristian Bonden med utnemninga til biskop i Hamar. Vi ønskjer deg hjarteleg velkomen til bispekollegiet og til samarbeid om dei oppgåvene du no får ansvar for. Vi ser fram til å stå i tenesta saman med deg, og til det du vil bringe inn i arbeidet med å vere leiar i kyrkja i vår tid.

Eg ønskjer også Hamar bispedømme til lukke med sin nye biskop. Hamar bispedømme får ein av sine eigne som biskop. Hamar får ein svært god biskop.

Du har solid støtte her når du går inn i desse oppgåvene. Det er ditt eige bispedømme, du kjem herifrå, du har så godt som all di tid som prest her, du er prost her, du er godt kjent her, og du har stor tillit her.

Du har arbeidd mykje med det som er kalla «stedegen» teologi, og vidare med stedegen liturgi for gudstenester og kyrkjelege handlingar. I dag må vi vel kunne seie at Hamar også får ein «stedegen» biskop. Du har levd lenge mellom dei du skal vere biskop.

Du har både dialekten og nærleiken til folk i Innlandet. Du har ord på deg for å kommunisere godt der du møter menneske, i ulike samanhengar, både i og utanfor kyrkjerommet. Det kjem godt med som biskop, for du skal møte mange, og det er mange du skal samarbeide med. Det er mange som vil høyre kva du har å seie. Det er bruk for deg og alle dine gåver i dei oppgåvene du no har sagt det villig til å gå inn i.

Vi takkar for at du har stilt deg til disposisjon for denne prosessen og denne oppgåva. Eg takkar også dei fire andre gode kandidatane som

Hamar bispedømmeråd hadde nominert. Utan gode kandidatar som er villige, kan vi heller ikkje velgje gode biskopar.

No vart det deg. Då skal du gå inn i det som ligg framfor deg med frimod og tillit. Då vil det vere viktig at du minner deg sjølv om det du skreiv i din sjølvpresentasjon: *Jeg bærer med meg en tro preget av tillit til Gud og håp for verden.* Hald fram med det. Den får du bruk for.

No ønskjer vi alt godt for deg og dine, og eg ber om Guds velsigning på vegen framover til vigslinga, som vil vere her i Hamar domkyrkje søndag 29. januar neste år.

11. november 2022